
Fra: Høyanger Historielag <hoyanger.historielag@gmail.com>

Sendt: 29. september 2019 21:19

Til: !Postmottak OED

Emne: Høring - NVE's forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land

Kategorier: Gul kategori

Høyanger historielag seier eit tydelig NEI til vindkraft i fjella våre!

Vi er einig med vedtaket Høyanger kommunestyre gjorde om å trekke oss ut av nasjonal rammeplan for vindkraft, og meiner det er heilt rett å gjere.

Noreg er blant dei fremste landa i verda på teknologi og det bør satsast på dei moglegheitane til forbedring og nytenkning vi har innan eksisterande kraftutvinning, heller enn å innføre slik kortvarig og kolossalt øydeleggjande inngrep i naturen som vindkraft på land er.

Vi reknar med de er kjent med naturmangfoldslova, der heile den er særskild relevant i denne samanhengen men vil likevel vise særleg til § 6 (generell aktsomhetsplikt)

«Enhver skal opptre aktsomt og gjøre det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfoldet i strid med målene i §§ 4 og 5» (som er forvaltningsmål for naturtyper, økosystemer og arter). Videre vil vi minne om kapittel E - Menneskerettar - i grunnlova vår, og vi siterer § 112 her: «Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.

Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet.

Dei statlege styresmaktene skal setje i verk tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane.»

Med helsing

Høyanger historielag
v / Janne Kristin Bøyum
-styreleiar-